

Partnarane sitt felles ansvar for helse- og omsorgsoppgåver

1. Partar

Avtalen er inngått mellom **xxxx** kommune og Helse Førde HF.


2. Bakgrunn

Avtalen er heimla i [Helse- og omsorgstenestelova §6-1 og 6-2](#), i [Spesialisthelsetenestelova §2-1e, 2. ledd](#) og i [overordna samarbeidsavtale](#) mellom kommunane i Helse Førde HF sitt føretaksområde og Helse Førde HF.

3. Føremål og verkeområde

Delavtalet har som føremål å avklare og konkretisere oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom kommunen og helseføretaket. Avtalet skal bidra til eit heilskapleg tenestetilbod og gode rutinar for samarbeid og samhandling mellom kommune- og spesialisthelsetenesta rundt den einskilde pasient. Partnarane skal planlegge sine tenester saman for å sikre medverknad og overgangane mellom spesialist- og kommunehelsetenesta for pasientane. Verkeområdet for delavtalet vil vere område der lova pålegg partane å inngå samarbeidsavtale og område der ansvaret til partane overlappar kvarandre.

Oversikt over avtalestrukturen:



4. Felles planlegging

Sogn og Fjordane helsefellesskap skal i tråd med føringer om felles planlegging samordne seg gjennom felles strategi og handlingsplan for satsingsområda i helsefellesskapet, [HOTL § 6-2](#) [12](#). Samhandlingsstrukturen og felles møte- og utviklingsarenaer skal styrke og støtte opp om dette arbeidet. Helsefellesskapet skal revidere felles strategi minimum kvart 4. år. Strategisk samarbeidsutval utarbeider og godkjenner strategien.

Handlingsplanen skal utarbeidast kvart andre år, og skal konkretisere strategien. Fagleg samarbeidsutval utarbeider handlingsplan som vert godkjend i strategisk samarbeidsutval.

Samhandlingsstrukturen:

Sogn og Fjordane helsefellesskap er bygt opp etter modell frå [Nasjonal helse og sykehushusplan](#). Strukturen er bygt saman og speglar KS sin struktur for samhandling. Strukturen bidreg til at ein raskt, og på ein god måte, får involvert alle partar og saman kan partnarane prioritere dei viktigaste satsingsområda lokalt. Sogn og Fjordane helsefellesskap er definert i [overordna samarbeidsavtale](#).

Utviklingsarenaer:

Sogn og Fjordane helsefellesskap skal saman med Høgskulen på Vestlandet arrangere [samhandlingskonferanse](#) årleg. Målgruppe for konferansen er overordna politisk og administrativ leiing i kommunane og Helse Førde, leirarar i helse- og omsorgstenestene, leirarar i Helse Førde, kommuneoverlegar, fastleggar, leirarar i fylkeskommunen, hos Statsforvaltaren, i universitets- og høgskulesektoren og representantar frå felles brukarutval.

Sogn og Fjordane helsefellesskap skal annan kvart år arrangere [erfarkonferanse](#) for tenestene. Målgruppa for desse konferansane er tilsette i tenestene på tvers av sjukehus og kommunar.

5. Handtering av samhandlingsavvik

For å kunne vurdere om tenestene tilfredsstiller fastsette kvalitetsskrav, og for å kunne legge til rette for kontinuerleg læring og forbetring, er det avgjerande at avvik og uønskte hendingar blir fanga opp. Brot på avtalar og prosedyrar skal meldast skriftleg på [eige skjema](#). Like viktig som system og struktur er det i denne samanhengen å utvikle ein felles kultur for melding og oppfølging av avvik.

Det er nedsett ei felles gruppe i helsefellesskapet som arbeider med samhandlingsavvik. Gruppa får sitt mandat frå fagleg og strategisk samarbeidsutval og skal utarbeide prosedyrar for læring og utvikling i tråd med gjentakande utfordringar og avvik som vert avdekt.

Gruppa skal halde vedlike system for handsaming av avvika, legge til rette for analyse av trendar og presentere desse rapportane for fagleg og strategisk samarbeidsutval etter plan fastsett i årshjul. Møtefora i helsefellesskapet gjer vedtak om eventuelle endringar på systemnivå.

E-læringskurs for samhandlingsavvik og felles prosedyrar skal haldast oppdatert, og partnarane har eit felles ansvar for å sikre implementering av desse i drift.

Kwart andre år skal det gjennomførast dagsamlingar om temaet samhandlingsavvik.

6. Faglege nettverk

Oppretting og nedlegging av faglege nettverk skal handsamast i fagleg samarbeidsutval. Det skal føreligge tydeleg mandat for nettverka og dei skal synleggjerast i og følgast opp gjennom handlingsplanen til helsefellesskapet.

7. Handtering av usemje/avvik, tvisteløysing, herunder misleghald

Ved usemje skal partnarane følgje [overordna samarbeidsavtale](#). Dersom ein av partnarane mislegheld sin del av avtalen med vedlegg, og dette påfører den andre parten dokumenterte tap, kan tapet blir kravd dekka av den som mislegheld avtalen. I tilfelle motstrid mellom delavtalen og særavtalar eller samarbeidsavtalar etter denne delavtalen, har delavtalen førerett.

8. Iverksetjing, varighet, revisjon, oppseiing

Partnarane pliktar å gjere avtalen kjend for eigne tilsette, og sikre implementering i eigen organisasjon.

Avtalen trer i kraft frå 01.01.2024 og gjeld fram til ein av partane seier opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist. Dersom ein av partnarane seier opp avtalen skal Helse Førde HF varsle Helse Vest RHF. Det regionale helseføretaket skal varsle Helsedirektoratet jf. [Helse- og omsorgstenestelova § 6-5 2. ledd](#).

Partane er samde om å gjennomgå avtalen årleg innan desember månad.

Kvar av partane kan krevje avtalen revidert dersom vesentlege føresetnader for avtalen blir endra.